



# Aktivitetsplan - Forum for oppvekst i Sunnhordland: FOS-samarbeidet

**Avtaleperiode for aktivitetsplanen: skuleåret 2019/2020**

## **Aktivitetsplanen er basert på:**

- Samarbeid mellom kommunane Bømlo, Kvinnherad, Stord/Fitjar/Tysnes, Sveio og Statped vest.
- Jfr. Samarbeidsavtale med saksnr, 2015/3223 , datert 09.03.2015

## **Avtalte møter og tenester**

**Møte mellom oppvekstansvarlege (Barnehage – Skuleeigar), PP-leiarar og Statped vest**

Alternative tema:

- Informasjon om kommunane sine satsingsområde, utviklingsarbeid, kompetanseutviklingstema det neste året/dei neste åra
- Etterspørje korleis kommunane vurderer kva betydning deira statistikk og kommunale planar skal/kan ha å sei for innhaldet i aktivitetsplanane
- Få informasjon om kva tenester kommunen ønskjer å prioritere i samarbeidet med Statped
- Andre tema som kommunane ønskjer å drøfte blir etterspurt før møtet og sett opp på saklista.
- Drøfte med utgangspunkt i Statped si rapportering til Statped direktør, data knytt til brukar- og samfunnseffektar.
- Drøfte relevant statistikk frå Statped Vest som grunnlag for å vidareutvikle samarbeidet

Dato : haust -2019

Statped vest

Stad: Stord

Frekvens: Eitt møte i året

Ansvarleg: Dagleg leiar Bjørn Tore Enerstvedt og seniorrådgjevar Bjørg Øvstebø.

### **Avtalte møte i koordineringsgruppa**

Stad: Stord eller VK

Frekvens: Eitt til to møte pr semester

- 11.12. 2019

Tema:

- Informasjon om kommunen sine utviklingsarbeid og satsingsområde.
- Informasjonsutveksling mellom PPS og Statped vest.
- Utarbeiding/konkretisering og oppfølging av aktivitetsplanar.

Ansvarleg: Dagleg leiar Bjørn Tore Enerstvedt og seniorrådgjevar Bjørg Øvstebø

Forventa effekt: Oversikt/oppfølging av samarbeidsavtale og aktivitetsplan.

Kompetansebygging og utveksling av erfaringar, samt meir effektiv bruk av både samarbeidskommunane og Statped sine ressursar.

### **TENESTE 1: KODE 34**

Tema: Samarbeid om anonyme saker

- Drøfting av anonyme saker innanfor Statped sine fagområde. Dette gjeld både saker ein ynskjer å tilvise Statped, og andre saker der ein treng bistand/råd.
- Oppfølging av anonyme drøftingar.

Målgruppe: Rådgevarar i PPT.

Tid og stad: Etter avtale.

Forventa effekt: Fokus på tidleg innsats og auka kompetanse i PPT ved at PPT raskt får tilgang til hjelp/støtte når dei står fast i komplekse saker. Generer PPT sin eigen kompetanse.

## **TENESTE 2: KODE 37**

Tema: «Frå i dag til i morgon»

Kunnskapsdepartementet er i gang med eit stortingsmeldingsarbeid om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Meldinga skal leggas fram for Stortinget høsten 2019.

Målet med meldinga er å forsterke arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehagar og skolar, og gje alle barn mogelegheit til å lykkas uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske ulikheiter.

Forum for oppvekst i Sunnhordland har innarbeiding av den nye stortingsmeldinga som hovedsatsings- /fokus område i perioden 2019 til 2022.

Med dette som bakteppe ønskjer vi å sette fokus på korleis skal FOS og Statped vest samarbeide vidare.

Tid: 4 samlingar

- desember 11.12.2019, kl 13.00-15.00, førebuande møte
- februar 2020
- april 2020
- juni 2020

Stad: Stord

Ansvarleg: Dagleg leiar Bjørn Tore Enerstvedt og seniorrådgjevar Bjørg Øvstebø.

Målgruppe: PPT

Forventa effekt: Felles forståing av meldinga som grunnlag for vidare samarbeid. Bygge tettare relasjon og likheit mellom dei ulike PPT kontora. Stortingsmeldinga legg grunnlag for mogelege felles utviklingstiltak for kollektiv praksis i tråd med satsingsområda for FOS i perioden 2019 til 2022.

Statped vest